

# BACHELOROPPGÅVE

## Seksuelle overgrep mot barn

- Kunnskap og tverrfagleg samarbeid

av

111- Silje Andersen.

Barnevernspedagog  
BSV5-300  
Mai 2013

## Innhold

1.0 Innleiing.....	3
1.1 Problemstilling .....	3
2.0 Metode.....	3
2.1 Kvalitativt intervju .....	4
2.2 Informantar .....	4
2.3 Gjennomføring av intervju .....	4
2.4 Ethiske aspekt.....	5
3.0 Forsking på feltet.....	6
4.0 Teori .....	6
4.1 Kva er seksuelle overgrep?.....	7
4.2 Kven er overgriparane? .....	7
4.3 Seksuelle overgrep mot barn- utbreiing .....	8
4.4 Tabu.....	8
4.5 Barnevernet.....	9
4.6 Samarbeid .....	9
4.7 Barnekonvensjonen og sjumilssteget .....	10
5.0 Presentasjon av empiri og drøfting.....	11
5.1 Temaet seksuelle overgrep i informantane si utdanning .....	11
5.2 Teikn på seksuelle overgrep .....	12
5.3 Tabu.....	14
5.4 Temaet seksuelle overgrep på arbeidsplassen .....	15
5.5 Skilnadar på by og bygd? .....	16
5.6 Seksualisert åtferd hjå barn .....	16
5.7 Lojalitet & løyndom.....	18
5.8 Barn si vegring og reaksjonar .....	19
5.9 Teieplikt.....	20
5.10 Tverrfagleg samarbeid.....	21
6.0 Avslutning.....	22
Litteraturliste.....	22
Vedlegg 1.....	24
Vedlegg 2.....	26

## 1.0 Innleiing

Eg har valt å skrive om temaet seksuelle overgrep mot barn. For meg er dette eit interessant tema og eg meiner det må settast meir fokus på det for å prøve å minske tabuiseringa rundt temaet. Både for sjølve barnet, familien og fagfolk kan dette vere eit tema som er vanskeleg å snakke om, men det er viktig at det blir snakka om. Temaet er viktig for yrkesutøvinga mi, då eg som framtidig barnevernspedagog kjem til å ha saker som vedrører dette temaet ein eller annan gang. Det er òg relevant for mange andre yrkesgrupper, blant anna tilsette i barnehagar og i tannhelsetenesta. Det er viktig med kunnskap om temaet seksuelle overgrep mot barn og noko av det eg vil undersøke er korleis fagfolk i to ulike yrke har kjennskap til og kunnskap om overgrep. Det er òg viktig at fagfolk samarbeidar med kvarandre for å gi barn best mogleg hjelp, og eg vil gjerne lære meir om tverrfagleg samarbeid og vel difor å fokusere på det i denne oppgåva. Kva som blir lagt i omgrepet barn, kan ifølgje (Søftestad, 2005) variere. Den seksuelle lågalder i Noreg er 16 år ifølgje straffelova, medan i anna lovverk er individ barn fram til dei er 18 år og myndige. Søftestad (2005) definerar barn som personar under 18 år og det er også slik eg vel å definere barn i denne oppgåva.

### 1.1 Problemstilling

Problemstillinga mi er todelt:

1. Kva kunnskap har fagfolk som arbeidar med barn om temaet seksuelle overgrep?
2. Kva erfaringar har dei med tverretatleg samarbeid om barn?

Søftestad (2008) meiner at ein kan få inntrykk av at avdekking av overgrep er ei arbeidsoppgåva berre for fagfolk i utvalte instansar, og stiller spørsmål om dette kan føre til at fagfolk i andre verksemdar ikkje tilrettelegg for at barn kan formidle seg om erfaringar frå overgrep.

## 2.0 Metode

Eg ynskjer å gå i djupna på temaet seksuelle overgrep mot barn, slik den kvalitative metoden gjer og eg har difor valt den metoden (Thagaard, 2009). Ved bruk av kvalitativ metode er føremålet å fange opp oppleving og meining som ikkje let seg talfeste eller måle. Det er ønskjeleg med mange opplysningar om få einheitlar (Dalland, 2012).

## 2.1 Kvalitativt intervju

For å få innsikt i informantane sine erfaringar, tankar og kjensler kring dette emne (Dalen, 2011) har eg valt intervju som metode. Den varianten av intervju eg har gjennomført vert kalla halvstrukturert intervju. På førehand valte eg ut ulike tema og det er ifølgje Dalen (2011) desse bestemte temaa samtalen skal fokusere rundt i slike intervju. Grunnen til at eg gjorde det slik er at eg ynskjer at informanten skal få snakke nokolunde fritt, men at eg på førehand har forberedt meg ved å sette opp ulike tema og spørsmål slik at eg får svar på det eg lurar på. Ved bruk av halvstrukturert intervju er det viktig at forskaren er open for at informanten kan ta opp tema som ikkje var planlagt på førehand (Thagaard,2009). Eg var interessert i å vite om informantane hadde hatt undervisning og pensum om dette temaet i utdanninga og korleis det eventuelt var vektlagt, så det var eit tema i intervjuguiden. Andre tema var teikn på seksuelle overgrep, tabuiseringa rundt temaet, teieplikt og meldeplikt, retningslinjer og rutinar på arbeidsplassen ved mistanke om overgrep og eventuelt korleis samarbeidet med barnevernstenesta er.

## 2.2 Informantar

Sidan eg blant anna vil ha fokus på korleis ulike instansar kan oppdage seksuelle overgrep mot barn var det naturleg for meg å intervjuje tilsette i ein instans som arbeidar med barn. Eg har gjort eit strategisk utval, som ifølgje Dalland (2012) betyr at ein vel ut informantar som ein trur har noko å fortelje om fenomenet ein vil vite meir om. Først hadde eg tankar om å gjennomføre intervju med mange informantar, men valte å avgrense det til to informantar. Ifølgje Thagaard (2009) bør ikkje tal informantar vere større enn at det kan gjennomførast djuptpløyande analysar. Sidan tilsette i barnehagar ser barn frå tidleg alder, valte eg å spørje ein førskulelærer om ho kunne tenke seg å vere informant i mitt forskingsprosjekt. Den andre personen eg spurte om å vere informant er tannlege i den offentlege tannhelsetenesta, og ho ser barn gjennom heile oppveksten. Dalland (2012) påpeikar at data må vere relevante for problemstillingen, både når du søker data i litteraturen og når menneske er informasjonskjelder. For meg var det naturleg å velje dei to informantane fordi dei mest sannsynleg kan gi meg svar som belyser problemstillinga mi.

## 2.3 Gjennomføring av intervju

Eg kjenner til dei to informantane frå før, og difor var det kanskje lettare å spørje om å få intervjuje dei. Eg ringte til arbeidsplassane til begge informantane for å nå dei. Over telefon

fortalte eg om meg og mitt forskingsprosjekt. Dei ville gjerne la seg intervju, og eg fekk avtala intervju med begge på kort tid. Intervjuet vart gjennomført på deira respektive arbeidsplass, og med meg på intervjuet hadde eg samtykkjeskjema som eg hadde informert dei om. Dette signerte dei før intervjuet starta. Intervjuet vart gjennomført med bandopptakar, og eg noterte òg litt innimellom. Ifølgje Thagaard (2009) er fordelene med opptakar at absolutt alt som blir sagt blir registrert og forskaren kan då konsentrere seg fullt og heilt om informanten. Notat undervegs i ein intervjusituasjon kan bidra til å redusere den personlege kontakten. Samstundes kan informanten få tid til å tenke seg om og vurdere om det er noko meir å fortelje medan forskaren skriv (Thagaard,2009). Eg valte å notere stikkord undervegs som ei støtte til bandopptakaren, og for å gi informanten pausar til å tenke seg om. Det var òg ein fordel for meg å notere, då eg kunne skrive ned spørsmål som eg seinare ville stille informanten.

## 2.4 Ethiske aspekt

Ved intervju blir det ein direkte kontakt mellom forskar og informant, og Thagaard (2009) påpeikar at den relasjonen som blir etablert er avgjerande for kvaliteten på materialet. I ein intervjusituasjon er det viktig at forskaren syner respekt for informanten sine grenser. Informanten skal ikkje ta skade av å vere med i prosjektet, og dette prinsippet bør vere leiande for kor nærgående forskaren er i intervjuet. Ein må alltid hugse å ha informert samtykkje frå informantane og at ein informant til ei kvar tid har rett til å bryte si deltaking i prosjektet. Eit samtykke som er fritt er ifølgje Thagaard (2009) gitt utan press, og at det er orientert betyr at informanten vert orientert om kva det inneber å delta i prosjektet. Eg informerte informantane både munnleg og skriftleg om at dei når som helst kunne trekke tilbake samtykket. Noko anna som er viktig er kravet om konfidensialitet, dette inneber blant anna at forskaren må anonymisere informantane når undersøkinga sine resultat vert presentert (Thagaard,2009).

Ved kvalitativ metode skapar forskaren til ei viss grad data på bakgrunn av si forståing av samfunnet (Thagaard,2009). Dei data ein hentar frå kjeldene må vere relevante og spørsmåla må heile tida sjåast på bakgrunn av problemstillinga (Dalland, 2012). Det er informantane sine egne ord og forteljingar som utgjer hovudtyngda av det materialet som skal danne grunnlag for tolking og analyse, og Dalen (2011) peikar på at det difor er viktig at materialet blir så relevant og fyldig som mogleg. Når forskaren stiller ”gode” spørsmål som gir

informantane høve til å komme med innhaldsrike og fyldige svar blir validiteten i datamaterialet styrka.

I sjølve kommunikasjonsprosessen under eit intervju ligg det alltid ei mogleg feilkjelde. Informanten kan misforstå spørsmålet og meiningsinnhaldet kan endrast ved transkribering av intervjuet (Dalland,2012). Undervegs i intervjuet kunne det skje at informanten misforsto spørsmålet mitt, men me fekk oppklart dette med ein gang og eg trur ikkje at det var skjulte misforståingar mellom oss som eg ikkje oppfatta. Eg har gjort mitt beste for å transkribere empirien akkurat sånn som informantane svara, dei einaste eg har forandra når eg skreiv empirien er dialektord som eg har gjort om til nynorskord.

### 3.0 Forsking på feltet

Det er mykje forskning om temaet seksuelle overgrep, men lite som går på akkurat mi problemstilling. Siri Sjøftestad er utdanna sosionom og har master i sosialt arbeid, og ho har gjort ein del forskning som ligg tett opp mot mi problemstilling. Masteroppgåva hennar fokuserte på overgrepsutsette sine vegar ut av forteinga, og ho presenterar funna sine i boka *Avdekking av seksuelle overgrep- veier ut av fortielsen* (2008) som eg brukar ein del i oppgåva mi. Ho har òg vore med på å etablere rutinar for tverretatleg samarbeid av seksuelle overgrep mot barn i Vest-Agder. Dette prosjektet, TVERS, har ho presentert saman med andre forfattarar i *Terapi i en barnevernkontekst- Tverretatlig behandling av familier med seksuelle overgrep mot barn* (2006). Ut ifrå erfaringane frå prosjektet har ho skreive boka *Seksuelle overgrep. Frå privat avmakt til tverretatlig handlekraft*, der ho blant anna legg vekt på tverretatleg samarbeid i møte med barn og deira familiar.

### 4.0 Teori

Eg har funne teori som kastar lys over problemstillinga mi og andre spørsmål som dukka opp undervegs. For å gå i djupna på problemstillinga måtte eg grave i temaet for å forstå, og eg har teke med ein del generell teori om temaet for å forklare kva det er og få fram kunnskap om kven som utfører overgrep mot barn.

Informasjon frå intervjuet medverka også til mitt val av teori. Siri Sjøftestad og Gro Breidvik er sentrale forfattarar, og deira arbeid har eg brukt aktivt for å utforme teoridelen.

## 4.1 Kva er seksuelle overgrep?

*Med seksuelle overgrep eller seksuell utnytting mener vi at avhengige og utviklingsmessige umodne barn og ungdommer trekkes inn i seksuelle handlingar de ikkje helt forstår, som de ikke kan komme ut av, eller som de ikkje har tilstrekkelig kunnskap eller erfaring til å gi sitt begrunnede samtykke til, eller som krenker familierollens sosiale tabuer (Schester og Roberge 1976 i Breidvik, 2003 s. 13-14.)*

Breidvik (2003) forklarar vidare barnet kan ha blitt spurt om å vere med på handlingar som er forklart av overgripar og det vert då kalla grunnleggjande samtykke. Det er likevel ikkje snakk om fri vilje, då dette ikkje eksisterar når ein vaksen utnyttar si maktposisjon ovanfor eit barn. Ifølgje Aasland (2009) blir ei kvar form for fysiske og/ eller psykiske seksuelle overgrep eller krenkelsar mot barn rekna som seksuelle overgrep, og dei kan bli utført av nokon barnet kjenner eller ikkje kjenner. Incest er ei form for seksuelle overgrep mellom ein vaksen i ei foreldrerolle og eit barn, eller mellom nære familiemedlemmar i ei horisontal eller nedstigande linje (til dømes utført av søsken eller besteforeldre).

## 4.2 Kven er overgriparane?

Ca. 95% av seksuelle overgrep blir utført av personar som barnet kjenner, det kan vere omsorgspersonar, foreldre og andre nære. I berre 4-5 % av tilfella er overgripar ein totalt framand (Breidvik, 2003). Mesteparten av seksuelle overgrep mot barn blir utført av menn og gutar. Ifølgje NRSB (2002) i Søftestad (2005) gjeld dette i 90-95 % av sakene som blir oppdaga, som dermed vil sei at rundt 5-10 % overgriparar som er oppdaga er kvinner. Ifølgje Søftestad (2008) er seksuelle overgrep som regel del av ein relasjon som har verdi for barnet. Overgripar kan vere foreldre, familiemedlem eller ein anna person som barnet er nær eller avhengig av i sin kvardag. Difor pregar den potensielle faren for overgrep atmosfæren barnet lev i. Aasland (2009) påpeikar at dei fleste seksuelle overgrep vert utført av nokon ein aldri kunne tru at kunne gjere noko slikt. Overgriparar er ofte flinke med barn og dei har lett for å oppnå kontakt med barn. Ein overgripar oppsøker gjerne stadar der dei lett kan komme i kontakt med barn, til dømes å jobbe frivillig i organisasjonar med barn. Søftestad (2005) forklarar at dersom ein vaksen ikkje klarar å sjå føre seg den barnet peikar ut som overgripar som ein overgripar, så kan ein gjerne tolke det barnet seier som løgn, fantasiar eller misforståingar. Det kan også bli tolka som at barnet har andre problem, og oppdaging/avdekking blir nesten umogleg. Difor er det viktig å ha kunnskap om seksuelle overgriparar, då kan ein lettare tru på det barn seier om overgrep. Personar som forgrip seg på

barn er ulike. Nokon har sjølve blitt utsett for overgrep som barn, har psykologiske problem og/eller lev i ulike typar stressande livssituasjonar. Nokon overgripingar har behov for fysisk kontakt og omsorg, medan andre brukar ulik grad av vald og sadisme i forbindelse med overgrep. Mange av dei som forgrip seg på barn har eit ytre liv som er velfungerande, og dei er godt respektert og likt av både barn og vaksne. Dei fleste som blir lagt skuld på for overgrep og som er skyldige, vil delvis eller heilt nekte for, og gjerne bagatellisere, handlingane sine. Andre har erkjent overgrepa heilt eller delvis, og dei ynskjer hjelp til barna, familien og eit behandlingsopplegg for seg sjølv (Søftestad,2005).

### 4.3 Seksuelle overgrep mot barn- utbreiing

Når det gjeld seksuelle overgrep mot barn er mørketala mest sannsynleg høge, men det er vanskeleg å vite akkurat kor høge dei er. Mange av omfangsstudiane baserar seg på sjølvrapportering, og dei som vel å svare på spørjeskjema er ikkje nødvendigvis representative for befolkninga som heilskap. Det er òg ulikt korleis forskarar definerar overgrep (Borgen et al, 2002).

Søftestad (2005) meiner at det er grunn til å tru at ein ikkje kjenner det reelle omfanget av seksuelle overgrep mot barn. Ein av grunnane til det kan vere at dei færreste overgrep blir meldt til offentleg myndigheitar og mange ikkje fortel om overgrep før dei blir spurt direkte i ei forskingsundersøking. Prosentfordelinga syner at mesteparten av Noreg si befolkning ikkje blir utsett for seksuelle overgrep som barn, så å uttrykke omfang av overgrep i prosent kan virke som ei tilsløring av problemet.

### 4.4 Tabu

*Tabu betyr et sosialt forbud mot å synliggjøre, eller fortelle. Det som er tabubelagt har en sterk "usynlig" kraft (Leira, 1994, i Breidvik, 2003, s.74).*

Samstundes som det er ei samfunnshaldning som ønskjer innsats og engasjement for å forhindre overgrep mot barn, kan det sjå ut som at det fins sterke krefter i kulturen, i kvar enkelt av oss, og i samspelet mellom oss som styrkar vår vegring mot kunnskap om omfanget av mishandling og seksuelle overgrep mot barn. Fokuset i det offentlege rom er på ekstreme tilfelle som sjeldan oppstår og på problematikk som fagfolk føler seg makteslause i forhold til. Dette kan påverke menneske til å ikkje sjå behovet for å tileigne seg kunnskap om overgrep (Søftestad,2005).



Sjølv om overgrepa er oppdaga er det ifølgje Søftestad (2005) ofte framleis tabu å snakke om det i familien, i deira sosiale nettverk og frå hjelpeapparatet si side. Overgrepa blir ofte behandla som ein avslutta erfaring i livet til barnet, der alle er stillteiane einige om å late som det aldri har skjedd sjølv om alle veit kva som har skjedd.

#### 4.5 Barnevernet

Søftestad (2005) skriv at barnevernet kan få meldingar om mistankar om overgrep frå fagfolk i offentlege instansar som har opplysningsplikt til barnevernet, eigne saksbehandlarar eller andre personar som er engasjert av barnevernet, foreldre eller andre privatpersonar og barnet sjølv.

I barnevernslova § 6-4, 2.ledd står det at offentlege myndigheitar av eige tiltak, utan hinder av teieplikta, skal gi opplysningar til kommunen sin barnevernsteneste når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandla i heimen eller ved andre former for alvorleg omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12. Slike opplysningar plikter offentlege myndigheitar òg å gi når dei får pålegg om det frå dei organ som er ansvarlege for gjennomføringa av loven (Barnevernloven kap. 6).

Erfaringa er at fleire kommunale tenester i liten grad melder frå om barn som har det vanskeleg. Barnehagane, skulane og delar av helsetenesta er blant dei tenestene som sjeldan melder til barnevernet. Mangel på slike meldingar kan føre til at nødvendig hjelp kjem så seint at det ikkje lenger er nok med enkle hjelpetiltak kring barnet (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane).

Barnevernstenesta har moglegheit til å gjennomføre ei lukka undersøkingssak, som inneber at dei kan innhente opplysningar utan at foreldra blir informert om det. Ved mistanke om seksuelle overgrep utført av foreldre blir det i enkelte tilfelle sett på som det beste for barnet at det blir gjort førebunde arbeid før foreldra blir informert (Søftestad,2005).

*§ 6-4. Innhenting av opplysningar.*

*Opplysningar skal så langt som mulig innhentes i samarbeid med den saken gjelder eller slik at vedkommende har kjennskap til innhentinga (Barnevernloven, kap. 6).*

#### 4.6 Samarbeid

Ved at fagfolk på tvers av ulike instansar kan tileigne seg ein felles fagleg plattform skapar det større moglegheit for at dei tek kontakt med kvarandre for råd og eventuelt samarbeid ved mistanke eller sak. Dei kan også tileigne seg ein gjensidig forståing for andre etatar sitt lovmessige ansvar og arbeidsmetodar slik at dei ikkje øydelegg eller gjer det vanskeleg for ein

anna instans sitt arbeid. I tillegg blir det skapt større moglegheit for ein koordinert innsats ovanfor barnet og familien. Noko av utfordringa ved ein felles fagleg plattform er at fagfolka må tileigne seg mykje informasjon og at dei må utvide sine eigne faglege og personlege grenser. I overgrepssaker vil tverretatleg samarbeid utfordre den enkelte fagperson sine evner, moglegheiter og avgrensingar (Søftestad,2005).

I Noreg er det fleire fylke som har oppretta tverretatlege konsultasjonsteam. Føremålet med teama er å gi ein samla, tverrfagleg konsultasjon til fagfolk som arbeidar direkte med barn og unge. Desse teama er ulikt samansette, men som regel er det personar med barnevernsfagleg, barnepsykiatrisk og helsefagleg kompetanse som deltek. Som regel dreiar konsultasjonane seg om tilfelle der nokon har mistanke om at eit barn kan vere utsett for overgrep, men òg om saker der fagfolk treng råd for å ivareta barnet etter oppdaging/avdekking av overgrep (Søftestad,2005).

#### **4.7 Barnekonvensjonen og sjumilssteget**

Av punkta i barnekonvensjonen er det desse to som omhandlar temaet i oppgåva:

*3. TIL BARNETS BESTE Handlingar som vedgår barn som vert sett i verk av styresmakter og organisasjonar, skal først og fremst ta omsyn til kva som gagnar barnet best. Staten skal sørgje for at dei institusjonar og tenester som har ansvaret for omsorga eller vernet av barn, har den standard som er fastsett, særskilt med omsyn til tryggleik, helse, talet på tilsette og deira kvalifikasjonar så vel som kompetent tilsyn.*

*34. SEKSUELL UTNYTTING Barnet har rett til vern mot alle former for seksuell utnytting og misbruk. For å verne barn mot slik utnytting skal staten setje i verk alle nødvendige tiltak, nasjonalt og internasjonalt (FNs barnekonvensjon, 1989).*

*Fra 01.07.2012 til 01.07.2014 skal Sjumilssteget spres til alle fylkesmannsembeter i Norge, med det mål at barnekonvensjonen som en overordnet legalitet, kan implementeres i daglig praksis i alle landets kommuner (Sjumilssteget ved Fylkesmannen i Troms).*

Sjumilssteget er eit prosjekt som skal hjelpe kommunane å sette søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår. FN's barnekonvensjon legg føringar for det lokale arbeidet med barn og unge, og sjumilssteget er eit felles løft for å gjennomføre konvensjonen i kommunane ved hjelp av handlingskompetanse og metodar. Barnekonvensjonen vart vedten av FN's generalforsamling 20.11.1989 og er ratifisert av nesten alle land i verda. Den er utforma utan omsyn til korleis kvart enkelt land eller lokale styresmakter vel å organisere sine tenestetilbod, og kvart land

har difor ei plikt til å tilpasse lovgiving og praksis i samsvar med konvensjonen. Det er kvar kommune som er ansvarlige for at rettar som må løysast i fellesskap mellom ulike kommunale tenester til barnas beste blir organisert slik at samarbeidet fungerer. Sjølv om dei fleste barn klarer seg godt med den omsorga dei får heime, er det mange barn som har behov for meir enn kva foreldra kan gi dei. Desse barna får kanskje ikkje gode nok tilbod frå enkelttenester, eller dei får tenester som ikkje er samordna på en slik måte at det heilskaplege behovet hjå kvart barn blir dekkja (Fylkesmannen i Sogn og Fjordane).

## **5.0 Presentasjon av empiri og drøfting**

I denne delen av oppgåva vil eg presentere empirien min, og diskutere teori og drøfte opp mot empirien. Eg har samla empiri frå intervju med to personar som eg anonymiserar ved å kalle dei informant 1 og 2. Informant 1 er ei kvinne i 40-åra som er utdanna førskulelærer og tilsett i barnehage. Informant 2 er ei kvinne i slutten av 20-åra som er utdanna tannlege og arbeidar i den offentlege tannhelsetenesta. Tannlegen var ferdig med utdanninga i 2010, medan førskulelæraren vart utdanna på midten av 1990-talet.

Tilsette i barnehagar er saman med barn fleire dagar i veka, og dei ser barna i møte med foreldra og andre vaksne. Ifølgje Sjøftestad (2005) er dei i ein særstilling for å oppdage teikn på omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Barn og unge er også i kontakt med ulike helsetenester gjennom oppveksten, deriblant tannhelsetenesta. Vidare fortel Sjøftestad (2005) at tilsette i helsetenestene har kompetanse på normalutviklinga til barn og på fysiske plager, symptom, skadar og avvikande funn, og dei er difor viktige for barn og unge som er utsett for overgrep.

Som forskar har eg valt ut dei delane av intervjumaterialet som eg meiner er relevant for å belyse problemstillinga, og det saman med teori og drøfting utgjer dei neste delkapitla.

### **5.1 Temaet seksuelle overgrep i informantane si utdanning**

Informant 1 tok førskulelærerutdanning frå 1994 til 1997. Sånn som ho hugsar så var ikkje temaet vektlagt i utdanninga. Ho er usikker på om det kunne vore innanfor spesialpedagogikkdelen siste året, men det hadde ho ikkje sjølv og kan difor ikkje vite det. Ho gjer seg tankar om at det dei siste åra er meir vanleg med faglitteratur og fagkompetanse innanfor dei spesielle områda, sjølv om ho trur det var litteratur på dette temaet før òg.

Informant 2 seier at temaet var sterkt vektlagt i hennar utdanning, men at det var ganske nytt at dei hadde begynt å undervise om det. Spesielt vart det teke opp i forhold til barnetannpleie, men òg i forhold til odontofobi- frykt mot tannbehandling. Då kan det vere snakk om seksuelle overgrep og andre overgrep. Ho syns det var veldig bra at dei hadde fokus på temaet, og ho føler at dei dekkja det veldig godt i utdanninga.

Det er ca. 10 år frå informant 1 vart utdanna til informant 2 var ferdig med si utdanning. Dette trur eg har mykje å seie for kva kunnskap dei sit inne med om seksuelle overgrep. Eg undrar meg over at førskulelæraren ikkje hadde noko om temaet i utdanninga då ho tross alt vart utdanna på midten av 90-talet. Ho har heller ikkje vore på kurs eller teke noko etterutdanning i forhold til temaet heller, og det tenker eg er rart når det har vore så sterkt fokus på det dei siste åra. Kvifor blir ikkje ho som førskulelærer sendt på kurs som omhandlar seksuelle overgrep mot barn?

Rammeplan for barnehagelærerutdanning seier ingenting spesifikt om at studentar som tek den utdanninga skal tileigne seg kunnskap om seksuelle overgrep, det er meir vagt antyda:

#### *Kandidaten*

*- kan identifisere særskilte behov hos enkeltbarn, og på bakgrunn av faglige vurderingar raskt iverksette tiltak (Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning).*

Det er litt vanskeleg å vite kva *særskilte behov hjå enkeltbarn* betyr, men det kan vere blant anna seksuelle overgrep og korleis det kan påverke barnet. Eg vonar det kjem eit nytt punkt i forskrifta der blant anna kunnskap om seksuelle overgrep blir nemnt, det meiner eg burde ha vore der allereie.

## **5.2 Teikn på seksuelle overgrep**

Ifølgje Søftestad (2005) fins det dessverre mange eksempel på at sjølv om det er tydelege signal på at noko er bekymringsfullt eller direkte skadeleg for barnet, har det ikkje utløyst handlingar hjå dei involverte fagfolka for å undersøke kva denne bekymringa eventuelt grunnar i. Fagfolk blir utfordra til å legge merke til teikn hjå barnet på at dei mistrivs, er triste og liknande, for så å prøve å finne ut kva som kan vere årsaka. Barnet kan ifølgje Søftestad (2008) gi både verbale og nonverbale uttrykk for sine overgrepserfaringar, men mangel på å vere skikkeleg tilstades og ikkje ha nok kjennskap til barnet kan føre til at mange vaksne ikkje klarar å forstå og kommunisere i slike situasjonar.

Som forskar er eg nyfiken på om informant 1 har lært om kva som kan vere teikn på seksuelle overgrep og korleis kunnskapen på det området er:

*Kanskje ikkje akkurat om seksuelle overgrep..men i barnehagen observerar me barna heile tida og dersom ein ser ein radikal forandring med barn i veremåte og... personlegdommen kan òg endre seg. Og det er mange tema du koblar inn i hovudet ditt, kva kan gjere dette? No har ikkje eg opplevd dette med oppdaging av seksuelle overgrep før, difor er det litt vanskeleg å sei kva eg trur eg vil tenke den dagen eg eventuelt dukkar innom den tanken. Men eg trur at i barnehagar så ser me barna veldig ofte, og me har jo observasjonar - kontinuerlege observasjonar for å sjå forandringar med barn, der me ser endringar i åtferd og veremåten til barna.*

Informant 2 seier at reint fysiske teikn på overgrep er ting som dei oppfattar som unormalt, som skadar i munn- og halsregion, og skadar på begge sider av ansiktet både inni munnen og på utsida. Skadar som ikkje gir heilt meining, og som ikkje samsvarar med det som blir gitt som forklaring. Viss det har vore seksuelle overgrep som inneber noko med munnen til barnet, så kan dei plutselig ha mykje sopp i munnen som ikkje har nokon anna logisk forklaring. Det i kombinasjon med at barnet brekk seg veldig lett kan gi mistanke. Dette med å få instrument i munnen og å ta røntgenbilete kan gi reaksjonar som gir dei ein peikepinn på at det er vanskeleg. Barn kan òg lukke seg og ein kan sjå på åtferda at det er noko som ikkje stemmer. Spesielt reagerar informant 2 på det som blir kalla ”dei stille tårene”, at barn begynnar å grine utan at det er noko eller at dei ikkje klarar å gi svar på kvifor dei grin. Ho fortel vidare at ein merkar det viss kroppen er der, men at barna på ein måte er ein heilt annan stad. Men som oftast er det veldig sjeldan at det blir så tydeleg.

Ifølgje Breidvik (2003) kan munnhygiene vere eit stort problem for barn som er utsett for overgrep. Nokon kan få brekningar av å ha tannkosten i munnen, og barn som er utsett for munnsex kan ha sår rundt munnen og i munnvikane.

Søftestad (2005) meiner jo at mangel på å vere tilstades og ikkje nok kjennskap til barnet kan føre til at mange ikkje klarar å forstå og kommunisere i slike situasjonar, men eg trur at det ikkje er tilfelle ved nokon av informantane. Informant 1 er veldig fokusert på at dei gjer kontinuerlege observasjonar og at endringar hjå eit barn gjer at dei begynnar å tenke på kva som kan vere gale. Eg sit igjen med eit inntrykk av at informant 1 ikkje har nok kunnskap om kva spesifikke teikn ho skal sjå etter når det gjeld seksuelle overgrep.

Kan det vere at slik at medan tannlegen gjer objektive funn, så bygger førskulelæraren sine mistankar på fagleg skjøn? At tannlegen ser meir tydelege fysiske teikn hjå eit barn som er seksuelt misbrukt, medan førskulelæraren alltid må tenke: *kva er det eg ser her?*

### 5.3 Tabu

Mossige (2000) beskriv i Sjøftestad (2008) korleis tabu mot incest og sterke forbod mot sex mellom vaksne og barn kan virke på to måtar. Det eine måten er førebyggjande, ved at det blir eit hinder for at vaksne gjer seksuelle handlingar med barn. Den andre måten er eit hinder mot at overgrep som er utført, blir snakka om av offer, utøvar og av andre som er kjent med at overgrep har funne stad. Tabuisering av dette temaet kan føre til at folk får vanskar med å tru at overgrep mot barn kan skje, dette gjeld både privatpersonar og fagfolk. Ein konsekvens av tabuiseringa er at både privatpersonar og fagfolk ikkje tileignar seg nok kunnskap til å sjå og hjelpe barn som har vore eller blir utsett for overgrep (Sjøftestad, 2008).

Informant 2 meiner at temaet seksuelle overgrep framleis er litt tabu, ho trur det alltid vil vere det. Men at det er fokus på det vil forhåpentlegvis gjere det lettare for dei som har opplevd det å sjølv ta kontakt for hjelp. Og det er viktig at barn får vite at det er ikkje dei det er noko gale med, men at dei ber om hjelp viss dei blir utsett for noko.

Informant 1 meiner at dette er eit veldig ømfintleg og skummelt tema, både for fagpersonar og sjølvsgagt for dei som er involvert i det. Men ho meiner at media opnar opp for at ting ikkje skal vere tabu meir, dei framstiller ting både på godt og vondt:

*(..) me må sjølvsgagt ha nokon handlingsplanar om eg kan kalle det for det, for korleis me skal reagere om me er usikre på om det kan vere seksuelle overgrep og misbruk av barn. Det kjem meir og meir fram i media - media framhausar nye tema, særleg sånne tema som er veldig i hjarterota til folk, og dette temaet ligg nok automatisk i hjarterota til folk som arbeidar med andre menneske. Det er ikkje alltid like bra, men det kjem enten i aviser eller på tv. Og eg tenker at det på ein måte kan hjelpe dei som opplev eller lurar på om det opplev noko sånt, kanskje hjelpe dei til å komme vidare med det*

Informant 1 meiner at samfunnet har forandra oss og at me har forandra samfunnet, til at ting er veldig mykje meir snakka om. Ho tenker at nordmenn eigentleg er bra på å få fram kva som skjer, og at det er lettare å snakke om ting fordi ting ikkje er så tabu lenger.

Sjøftestad (2005) si erfaring er at tabuiseringa framleis pregar arbeidet med å forstå barn sine symptom og åtferd, og vilja til å fremje konkrete mistankar om overgrep i helsestasjon, barnehage og skule. Det same gjeld i undersøkingfasen til barnevernet og i etterforskinga til

politiet. Det er fleire forhold som opprettheld denne tabuiseringa, blant anna mangel på og vegring mot kunnskap og liten vilje til å gå inn i saker som kan gi ein sterke emosjonelle utfordringar.

Vegrar informant 1 seg for å gå inn i slike saker? Informanten er ein del av ein barnehage og sjølv om det er informantens sin forteljing som kjem fram, får eg inntrykk av at dette temaet blir bagatellisert. Kan det vere for skummelt å snakke om dette på arbeidsplassen? Kanskje tabuiseringa rundt temaet påverkar dei òg?

#### 5.4 Temaet seksuelle overgrep på arbeidsplassen

Informant 1 fortel at dei har temaet oppe til diskusjon på møter iblant. Det er ikkje det temaet dei snakkar mest om, men det er jo klart at tankane på det er der. Dei har ikkje eigen handlingsplan på dette, som ved for eksempel dødsfall i familien.

På informant 2 sin arbeidsplass er det ganske greie retningslinjer og rutinar fortel ho, og dei er lette å følge. Temaet blir teke opp på møter, og er det mistanke om noko så diskuterar dei det på klinikken. På generelle personalkurs og i heile tannhelsetenesta er det såpass mykje fokus på temaet at det blir veldig naturleg for dei å ta det opp.

Det er store skilnadar på svarea dei to ulike informantane gir meg. Eg tolkar, ut ifrå intervjuet, at på arbeidsplassen til informant 1 så er dette nesten eit ikkje-tema, medan informant 2 gir uttrykk for at dei snakkar om temaet på hennar arbeidsplass.

Det er anteke at det er underrapportering frå helsestasjon, PPT, BUP, skule, barnehage og barnevern når det gjeld seksuelle overgrep. Dette blir bekrefta ved at vaksne fortel om overgrep dei var utsette for i sin oppvekst (Breidvik, 2003).

Informant 1 meiner at det er eit skummelt tema, men at det likevel er eit tema som ligg i hjarterota til folk. Eg tolkar det som at ho meiner at det er eit tema som er viktig for folk. Ho meiner at det er meir snakka om no enn før. Kva ho meiner med snakka om blir eg veldig usikker på, men kanskje i forhold til arbeidsplassen? Dei snakkar om temaet på møter iblant, men at det ikkje er det temaet dei snakkar mest om. Ho seier at det er klart at tankane på det er der. Ved for eksempel dødsfall i familien har barnehagen eigen handlingsplan, men det har dei ikkje ved seksuelle overgrep. *Kvifor ikkje?* spør eg meg sjølv, og eg burde kanskje ha utfordra informanten på dette ved å spørje nettopp det spørsmålet. Eg får inntrykk av at det nesten er eit ikkje-tema i denne barnehagen og eg syns det er litt skummelt når me no er komme til år 2013. Det er lett for meg å sei at det burde vere slik og slik, men eg meiner at dei burde ha ein handlingsplan for kva dei gjer når dei oppdagar seksuelle overgrep.

## 5.5 Skilnadar på by og bygd?

Eg ville høyre informantane sine tankar om kva miljøet eventuelt har å seie for utbreiing og oppdaging av overgrep. Informant 2 gjer seg tankar om å vere godtruen:

*(..) så eg vil no sei at det er litt vanskeleg, for ein er kanskje litt for godtruande. At ein tenker at her er alt så bra, spesielt på små plassar der det er lett å få oversikt kan du sei.. og ein tenker liksom at her er alt så greitt.*

Informant 1 meiner at dei er heldige som bur i eit mindre miljø. Ho trur det er lettare å oppdage denne forma for misbruk i mindre miljø enn for eksempel i ein storby. På mindre plassar kjenner på ein måte mange kvarandre, på endå mindre plassar kjenner alle kvarandre. Sånn at då veit ein litt om privatlivet deira òg. I ein storby så tenker ho at du blir kjent med barna og foreldra i den tida barna er i barnehagen eller skulen, og så veit du ingenting om privatlivet elles. Når eg spør informanten om ho trur det kan vere eit minus med at ho kjenner folk så godt, så svarar ho at alt etter kor nærme ein kjenner nokon så håpar ein sjølvsagt i det lengste at det ikkje er noko seksuelt misbruk. Dess tettare forholdet er og ein begynner å lure litt på dei tankane, dess lettare er det for at redsla og usikkerheita på at det ikkje er noko tek overhand slik at du ikkje torer å gjere noko med det. Likevel held informant 1 på trua og håpet om at det er lettare å oppdage dersom ein ikkje bur i ein by.

Når den mistenkte personen har tilknytning til eit mindre lokalsamfunn blir det tydeleg at fagfolk vegrar seg mot kunnskap og har lita vilje til å gå inn i slike saker (Søftestad,2005).

Informant 1 har tru på og håp om at det er lettare å oppdage dersom ein ikkje bur i ein by.

Informant 2 er innom tanken om å vere litt godtruande og tenke at alt er greitt i ei bygd. Men er informantane litt naive? Eg trur ikkje at seksuelle overgrep er noko som er enkelt å oppdage, verken i by eller på bygd. Er det sånn at når du kjenner ”alle” godt, slik ein gjer på bygda, så kan ikkje nokon vere overgripar?

## 5.6 Seksualisert åtferd hjå barn

Det er viktig å hugse at barn er interessert i kroppen sin, inkludert kjønnsorgana. Så det er naturleg at barn både utforskar og deltek i seksuelle leikar (Aasland, 2009).

Barn som har vore eller blir utsett for overgrep har lært at ein vaksen kan leike på ein spesiell måte med deira kropp. Nokon barn kan komme til å syne denne leiken i leik med andre barn. Dei små barna syner i handling ”språket” dei har lært, og dei stimulerar seg sjølv på måtar som ikkje er vanleg uforskinsleik (Breidvik,2003).



Informant 1 har vore borti seksuell leik nokon gonger i barnehagen, der større barn har utforska seg sjølv. Ho tykkjer det er veldig vanskeleg å vite når ein skal seie stopp. Alle utforskar kroppen sin på ein eller annan måte. Nokon utforskar lengre enn andre ville ha gjort, og når dei òg har med seg fleire til å utforske kvarandre sine kroppar så tenker ho at det blir for skummelt. Balansegangen mellom å avfeie med ein gang og difor kanskje lage stengsel for temaet, til det som er normalt er veldig vanskeleg meiner informant 1. Medan dei skifter bleier på dei minste, sit det kanskje eit barn på do og då ser dei skilnadane på gutar og jenter. Då meiner informant 1 at det er viktig at dei som vaksne ikkje avfeiar, men ufarleggjer gjer det ved å sei for eksempel: *han har gutetiss og du har ikkje sånn tiss.*

Borgen, Ihle, Johansson og Nordenstam (2002) forklarar at barn har ein seksuell åtferd som kan delast inn i to kategoriar, det som er normal seksuell åtferd som er relatert til eit barn si utvikling og problematisk seksuell åtferd som blir kalla seksualisert åtferd. Seksuell eksperimentering er vanleg, men nokon gonger, for eksempel i ein barnehage, tek den meir avanserte former. Dette kan skje dersom eit eller fleire barn i gruppa har kunnskap om og erfaringar med seksualitet ut over det som er vanleg for alderen, og at dei får med dei andre barna i seksualisert leik. Det er viktig å finne kjelda til kunnskapen, då eit eller fleire av barna kan vere misbrukt. Mange som arbeidar med barn er usikre på kva som er normal seksuell leik og som kan bli tolerert, og kva som er uvanleg og som difor bør stoppast og følgjast opp. Det er viktig å få tak i korleis stemninga rundt seksuell leik er, om den er god eller prega av angst, ubehag eller usikkerheit. Ein må forsikre seg om at ingen av barna er pressa eller lid overlast på nokon måte. Det kan vere lurt å kjenne på ”magefølelsen” om du skal følgje opp barnet og gi det anledning til å snakke, og som vaksen kan du stille spørsmål som for eksempel: Kor har du sett eller lært dette, kven har lært deg det? Slik kan den vaksne eventuelt komme på sporet av overgrep eller kanskje finne ut at det er ein naturleg årsak til åtferda. Ein må ta på alvor når seksuell åtferd går ut over det normale og foreldra er urolege, og dersom ein er i tvil bør ein søke råd (Borgen et al, 2002)

Det verkar som at informant 1 har tankar om seksualisert leik som stemmer overeins med teori. Her er det ein balansegang mellom å avfeie med ein gang og å sjå kva som er normal leik. Eg trur at det er viktig å vere merksam på at slik leik kan vere teikn på overgrep viss den går for langt, men at ein er litt forsiktig med å tru at det er noko slikt med ein gang.

## 5.7 Lojalitet & løyndom

Barn er lojale mot sine foreldre, og Breidvik (2003) meiner at me difor ikkje kan forvente at eit barn skal fortelje om incest på ein tydeleg måte.

*(..) og det er noko med at barna er veldig lojale mot sine nærmaste, så eg trur det skal veldig mykje til for å stikke hol på den bobla - for å få ein 4-åring til å skjønne kva som eventuelt føregår eller å få ein 12-åring til å fortelje når overgripar er familie (Informant 1).*

Når eg spør informant 1 om ho har nokon tankar om kvifor mange barn ikkje fortel om seksuelle overgrep, så er det igjen lojalitetskonflikten ho først og fremst tenker på. Så har ho òg høyrte på radio og tv om at den som forgrip seg byrjar å true barnet og ungdommen, ofte med vanskeleg ting. På spørsmål om det er skilnad på om det er lettare for barnet å fortelje dersom overgripar ikkje er ein av dei nærmaste, svarar informanten at ho trur at ein vaksen klarar å få barna til å teie stilt uansett kven dei er. Likevel så tenker ho at det kanskje blir lettare å fortelje dersom det er ein meir perifer person som er overgriparen, til dømes ein fotballtrenar. Då er det òg fleire rundt dei to som kan oppdage ting eller signal som barnet sender ut, det er det ho håpar på i alle fall.

Ein av grunnen til at barn har sperrer mot å fortelje om seksuelle overgrep kan vere at barnet kanskje trur at det er åleine om å oppleve noko sånt og regnar med å bli dømt av andre. Barn kan òg vere usikker på om overgrepa faktisk har funne stad eller om det berre var ein drøym (Borgen et al, 2002)

Aasland (2009) påpeikar at eit barn kan prøve å fortelje om overgrepa både verbalt og nonverbalt, men viss ingen rundt dei oppfattar dette vil barnet til slutt resignere. Når dei vert eldre, 6-7 år, vil dei føle skam og skyld for det som skjer på grunn av at dei registrerar tabuet rundt seksualitet. Dei vil sjølv prøve å halde det hemmeleg, og overgripar kan overtale barnet til at dette er deira hemmelegheit. Barnet kan også bli trua av overgripar til å ikkje seie noko for då får det konsekvensar.

Informant 2 trur at dei vaksne rundt har mykje å seie for om barn fortel eller ikkje:

*Det kan kanskje vere litt måten vaksne og ansvarspersonar møter dei på. Det eg har høyrte og lest er at barn har prøvd å ta det opp med lærar og helsepersonell- og dei har følt at dei ikkje vart høyrte. Viss ein ikkje møter barna på riktig måte, så kan dei føle at her er det ikkje hjelp å få uansett om dei prøver. Det me vart lært opp til var at når me har dei på einmannshand, så berre spørje for eksempel om dei får ha kroppen sin i*

*fred- veldig sånn direkte. Og at dei får anledning til å kunne..ja, viss ein har mistankar at ein faktisk spør sånn at dei slepp å begynne. Prøve å vere direkte sånn at dei får ein sjanse til å svare utan at dei må ta opp tema sjølv.*

Når overgrep blir kjent er det nokon barn som blir stempla som løgnar og sydebukk av sine eigne familiemedlemmar, og det kan skje at storfamilien blir delt i synet på om overgrep har skjedd eller ikkje (Søftestad,2005).

Borgen et al. (2002) påpeikar at ein vaksen aldri må love eit barn å halde tett om forteljingar om overgrep, fordi eit slikt løfte ikkje kan bli haldt og barnet vil då føle seg dobbelt sviken.

Det er viktig at fagfolk som arbeidar med barn er tilgjengelege for barna slik at dei har moglegheit til å fortelje om overgrep. Og så tenker eg at det er viktig at dei tåler å høyre det som kjem og at dei har kapasitet til å ivareta barnet etter at det har fortalt. Informant 1 er klar over lojalitetskonflikten eit barn kan komme i, medan informant 2 trur at det har mykje å seie korleis dei vaksne rundt barn er for at det fortel eller ikkje fortel. Eg får inntrykk av at informant 2 har kunnskap om korleis ein spesifikt kan gå fram for å hjelpe eit barn i gang med å fortelje om overgrep.

## **5.8 Barn si vegring og reaksjonar**

Det mest vanlege er at overgrepa førekjem i heimen eller hjå ein omsorgsperson, men dei kan også vere knytt til helger og feriar eller fritidsbustadar og andre ”farlege” stadar for offeret. Barnet vil då prøve å unngå å vere med på turar til desse stadane og syner tydeleg at det ikkje vil på tur. Barnet kan ofte fortelje at dei ikkje har lyst til å reise på tur til ein person dei er trygg på, men utan at denne personen klart får vite grunnen til vegringa. Likevel kan barnet tru at han/ho har sagt årsaka for vegringa til den personen. Etter slike turar kan barnet syne ei markert endring i si åtferd (Breidvik,2003).

Når eg spør informant 1 om ho nokon gang har opplevd barn som vegrar seg for å reise heim same dag kvar veke eller noko liknande, så har ho ikkje tenkt på det. Det ho ser føre seg er reklamane på tv, særleg i julehelga, om barn som guarar seg til jula. Sjølv om det blir eit lengre tidsrom, så er det jo det same. Ho grublar litt og kjem fram til at dette er noko som er greitt å vere årvaken for, det kan jo relaterast til at det er noko som ikkje er som det skal vere.

Reaksjonar på overgrep kan også vere knytt til dagar etter at barnet har overnatta hjå nokon som passar barnet på grunn av foreldra sin jobb (Breidvik,2003).

Når informant 2 ikkje har oppdaga seksuelle overgrep så er det kanskje ikkje så merkeleg at ho ikkje har lagt merke til barn som gruar seg for å reise frå barnehagen. Utan at ein overreagerar trur eg at det er viktig å sjå teikna hjå eit barn som gruar seg for å reise heim eller bli henta av nokon andre, det treng ikkje nødvendigvis å bety noko, men det er greitt å vere merksam på det. Og slik eg tolkar det er dette noko som informant 1 ikkje hadde tenkt noko særleg på, men som ho kanskje tenker over etter at eg stilte dette spørsmålet.

## 5.9 Teieplikt

Glavin og Erdal (2013) si erfaring er at teiepliktbestemmelsane ikkje nødvendigvis treng å vere til hinder for å utveksle opplysningar mellom dei instansane som skal ivareta barn og unge sine rettar og behov. Forvaltningslova har ulike unntak som gjer det mogleg å utveksle opplysningar mellom tenestene, blant anna forvaltningslova 13b nr. 5:

*[Taushetsplikt etter § 13 er ikke til hinder for] at forvaltningsorganet gir andre forvaltningsorganer opplysninger om en persons forbindelse med organet og om avgjørelser som er truffet og ellers slike opplysninger som det er nødvendig å gi for å fremme avgiverorganets oppgaver etter lov, instruks eller oppnevningssgrunnlag (Glavin & Erdal, 2013, s. 51).*

Eit anna viktig unntak frå teieplikta er når den eller dei som har krav på teieplikt samtykkjer til at opplysningar kan utvekslast mellom ulike instansar. Ifølgje Glavin og Erdal (2013) er dette blant anna lovfesta i forvaltningslova § 13 a nr.1.

Ifølgje barnevernslova § 6-7, 2.ledd, kan opplysningar til andre forvaltningsorgan, jf. forvaltningslova § 13 b nr. 5 og 6 berre bli gitt når det er nødvendig for å fremje oppgåvene til barnevernstenesta, institusjonen, senteret for foreldre og barn eller omsorgssenteret for mindreårige, eller for å førebyggje alvorleg skade for nokon si helse eller vesentleg fare for liv (<http://lovdata.no/all/tl-19920717-100-007.html#6-4>).

På spørsmål om informant 2 trur at meldeplikta kan komme i konflikt med teieplikta, svarar ho slik:

*Akkurat når det gjeld seksuelle overgrep så er ein på ein måte plikta til å sei ifrå, viss det er eit barn eller ein ungdom som fortel om noko så må du få lov til å seie ifrå for dei. Så sann sett så kan det komme i konflikt, for det er jo veldig viktig å skape og oppretthalde den tilliten dei har vist ved å fortelje noko. Viss det er sann at dei har*

*komme til oss og fortalt noko, og så seier dei at dei ikkje vil at me skal seie noko så må me jobbe med å forklare kvifor det er viktig å sei ifrå og at det då ikkje blir gitt beskjed til foreldra. Me må få fram at me har moglegheit til å hjelpe dei.*

Informant 1 får same spørsmål og ho seier at ho er klar over meldeplikta, men at ein òg kan velje å vere anonym. Ho tenker at før ein melder til barnvernet så er ein ganske sikker.

Begge informantane er klar over meldeplikta, men dei verkar ikkje heilt sikker på korleis teieplikta eventuelt kan komme i konflikt med meldeplikta. Når informant 1 seier at ein er ganske sikker før ein melder til barnevernet, så tenker eg at det kanskje gjer at sakene blir meldt for seint. Men forhåpentlegvis nyttar dei seg av den anonyme drøftinga så fort som mogleg.

For at ei sak ikkje skal tilbakeførast til ein bestemt person eller familie, opplysningane bli gitt i anonymisert form, jf. forvaltningslova § 13 a nr. 2 (Glavin & Erdal, 2013).

## **5.10 Tverrfagleg samarbeid**

Familiemedlemmar eller andre private personar og tilsette i ulike verksemdar som inneber arbeid med barn har ingen moglegheit til å gripe inn direkte med beskyttelse og hjelp til barna utan at foreldra samtykker. Dei må gi sine bekymringar vidare til foreldre, politi eller barnvern viss dei har mistankar om overgrep. Dersom mistanken gjeld eit familiemedlem, slekt eller ein person som ikkje er namngitt, kan det vere lurt å drøfte saken anonymt med barnevernstenesta eller politiet (Søftestad,2008).

Informant 1 meiner at deira samarbeid med barnevernstenesta er veldig greitt. Ho nemner anonym drøfting som eit viktig tiltak. I kommunen har dei eit HSP-team (helse-, sosial- og pedagogisk team), der styrarar i barnehagar, helsesøster og barnevernstenesta er med. Og så har dei noko som heiter ”barn i fokus”, ei prosedyrebok for tverretatleg samarbeid i kommunen. Når eg spør informanten om det står noko om seksuelle overgrep der, svarar ho at det går litt innom, sjølv om det ikkje står at det er seksuelle overgrep- det kan for eksempel vere at foreldra ikkje føl opp barna som forventa. Eller så kan det vere at dei har problem med rus, skilsmisse og sånne ting- meir spesifikke ting som er handterlege. Elles står det litt om saksgangen i barnevernssaker, bup- møter, ressursgrupper og ansvarsgrupper.

Informant 2 fortel at det i kommunen er ei ressursgruppe der helsesøster er koordinator. Ein kan sei ifrå til denne personen, som då kallar inn dei instansane som skal drøfte saka, til dømes barnvern og PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste). På spørsmål frå meg om det blir kalla HSP-team, så er informanten usikker på kva det heiter. Dei har òg ein samarbeidsavtale

med barnevernet, helsestasjonen og skulehelsetenesta. Dette er felles for tre kommunar, så det er nabokommunen sin tannklinikk som er på dei samarbeidsmøta. Ho syns det er veldig greitt at dei har det på denne måten slik at dei kan oppretthalde eit samarbeid, sånn at det er lettare å ta kontakt dersom det er noko. Informanten er med i folkehelserådet i kommunen, så gjennom det har ho hatt litt om sjumilssteget. Dei har òg vore på eit kurs om det i regi av barnevernet hausten 2012. Ho meiner at det er vanskeleg å sitte på kvart sitt kontor, så det er veldig viktig at dei får til eit godt samarbeid med andre instansar. Viss ikkje, så sit kanskje mange og har ei lita kjensle på eit eller anna - berre det å få diskutert det er veldig bra. Informanten har sjølv nytta anonym drøfting med barnevernstenesta i saker med mistanke om noko anna enn seksuelle overgrep og ser positiv på at dei kan dele mistanken sin med barnevernet og få råd utan å melde ei sak.

Når det gjeld samarbeid mellom ulike instansar, så kan det virke som at samarbeidet med barnevernstenesta er ok og at dei har team i kommunen som jobbar tverrfagleg. Men dessverre så veit informantane lite om desse teama, då dei sjølv ikkje er med. Informant 1 fortel at i boka "Barn i fokus" er det meir spesifikke ting som er handterlege som er med, og ikkje om seksuelle overgrep. Det bekymrar meg at seksuelle overgrep blir sett på som ikkje-handterleg.

## 6.0 Avslutning

I denne oppgåva ønskte eg å få vite noko om korleis samarbeidet mellom ulike instansar som arbeidar med barn er, særleg når det gjeld seksuelle overgrep. Eg var òg interessert i å finne ut kva tankar tilsette i ulike instansar som arbeidar med barn gjer seg om temaet seksuelle overgrep, og valte difor å intervjuje ein førskulelærer og ein tannlege. For meg var det viktig å få fram kva kjennskap til og kunnskap om overgrep desse informantane hadde.

Når det gjeld problemstillinga mi, så har eg delvis fått svar på det eg ville. Materialet har avgrensa generaliserbarheit, men kan reknast som gyldige for å belyse min problemstilling (Tjora, 2012). Eg har undersøkt kva to informantar i ein kommune tenker om temaet seksuelle overgrep, dette kan eg då ikkje overføre til andre kommunar eller resten av landet. Eg kan heller ikkje sei noko om andre profesjonar sine tankar om tverrfagleg samarbeid i denne kommunen. Ut ifrå teori eg har brukt og empirien eg har samla, sit eg igjen med eit inntrykk av at kunnskap om seksuelle overgrep hjå fagfolk som arbeidar med barn framleis er for lita. Det er stort fokus på tverrfagleg samarbeid i Noreg no, blant anna ved at sjumilssteget er på

veg fram, men eg trur det er ein lang veg å gå. Alle som arbeidar med barn må ta ansvar for at eit tverrfagleg samarbeid skal kunne fungere, ikkje berre når det gjeld seksuelle overgrep, men utsette barn generelt. Undervegs i arbeidet med denne oppgåva har eg fått meir kunnskap om temaet, og det er noko eg vil ta med meg vidare inn i mi yrkesutøving.

## Litteraturliste

- Aasland, M.W. (2009). ”..Si det til noen..” *En bok om seksuelle overgrep mot barn og unge* (2.utg.). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Breidvik, G. (2003). *Misbrukte barn. Reaksjoner som kan vise seg i skole og barnehage*. Bergen: Sigma Forlag AS.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode- en kvalitativ tilnærming* (2ugt.). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving* (5utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Glavin, K. & Erdal, B. (2013). *Tverrfaglig samarbeid i praksis* (3utg.). *Til beste for barn og unge i Kommune-Norge*. (3utg.) Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Nordenstam, C., Borgen, G., Ihle, M., & Johansson M. (2002). *Seksuelle overgrep mot barn- utvalgte temaer*. Oslo: Nasjonalt ressurscenter for seksuelt misbrukte barn (NRSB) & Unipub.
- Søftestad, S. (2005). *Seksuelle overgrep. Frå privat avmakt til tverretattlig handling*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Søftestad, S. (2008). *Avdekking av seksuelle overgrep- veier ut av fortielsen*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Thagaard, T. (2009). *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode* (3utg.) Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Tjora, A. (2012). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis*. (2utg.) Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Fylkesmannen i Sogn & Fjordane, sjumilssteget (blogg 29.05.2012). Henta 07.05.13 frå: <http://www.tilbesteforbarnogunge.no/hoved.aspx?m=71086&amid=3619486>



FNs barnekonvensjon (1989). Henta 07.05.13 frå:

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2000/barnekonvensjonen-nynorsk.html?id=87589](http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/veiledninger_brosjyrer/2000/barnekonvensjonen-nynorsk.html?id=87589)

Sjumilssteget ved Fylkesmannen i Troms (2009). Henta 07.05.13 frå:

<http://www.sjumilssteget.no/>

Lov om barneverntjenester, barnevernloven (1992). Henta 07.05.13 frå:

<http://www.lovdata.no/all/tl-19920717-100-007.html#6-4>

Forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning (2012). Henta 09.05.13 frå:

<http://www.lovdata.no/for/sf/kd/td-20120604-0475-0.html>

## VEDLEGG 1

### Informasjonsskriv for informantar til forskingsprosjekt

#### Bacheloroppgåve

#### Tema: Seksuelle overgrep

Namn på student: Silje Andersen

- Student ved barnevernspeidaogutdanninga, Høgskulen i Sogn og Fjordane

Tlf: 99107404 E-post: [siljean@stud.hisf.no](mailto:siljean@stud.hisf.no)

Namn på rettleiar: Svanhildur Gudmundsdottir

- Høgskulelektor, Høgskulen i Sogn og Fjordane

E-post: svangu@hisf.no

---

#### Tema for bacheloroppgåva:

Temaet eg har valt for denne oppgåva er seksuelle overgrep mot barn, både utført av familiemedlemmar (incest) og andre menneske som barnet kjenner eller ikkje kjenner. Temaet er relevant og interessant for meg som framtidig barnevernspeidaog, då eg mest sannsynleg kjem til å ha saker som vedrører dette temaet ein eller annan gang. Noko av det eg er interessert i å undersøke er korleis andre instansar kan vere med på å hjelpe barnevernet med å oppdage/ avdekke seksuelle misbruk av barn.

#### Foreløpig problemstilling:

- Kva kan vere teikn på seksuelle overgrep og korleis kan ulike instansar oppdage/avdekke seksuelle overgrep mot born?

#### Førespurnad om å være informant:

Det eg vil spørje deg om er å vere informant i dette forskingsprosjektet, der eg brukar intervju som metode. Intervjuet er på om lag 30 min og eg kjem til å bruke bandopptakar. Bandet vil bli sletta med ein gang eg har transkribert intervjuet og fått transkriberinga godkjent av rettleiar. Det er kun eg som skal høyre på opptaket. Du skal vere sikra anonymitet, så namnet ditt og arbeidsplassen din blir ikkje nemnt ved namn i oppgåva. For at eg skal kunne bruke deg som informant er det naudsynt at eg får ditt samtykkje, både munnleg og skriftleg. Du kan når som helst trekke tilbake dette samtykket og eg vil då slette alt intervjumateriell.

Med venleg helsing

Silje Andersen

Eg har motteke skriftleg og munnleg informasjon og er villig til å delta i studien:

---

Namn

---

Stad/dato

## VEDLEGG 2

### INTERVJUGUIDE

1. Alder, utdanning og arbeidserfaring til informanten
2. Temaet seksuelle overgrep i utdanninga
  - Korleis var temaet seksuelle overgrep vektlagt når du utdanna deg?
  - Kva meiner du om måten det vart vektlagt på?
3. Teikn på seksuelle overgrep.
  - Korleis kan du som fagperson oppdage seksuelle overgrep?
  - Har du oppdaga seksuelle overgrep? Viss ja, korleis handterte du dette?
4. Seksuelle overgrep som tabu
  - Har du nokon tankar om kvifor barn ikkje fortel om seksuelle overgrep?
  - Kva tenker du om haldningar generelt i samfunnet når det gjeld temaet seksuelle overgrep? Tabu eller ikkje?
5. Retningslinjer & rutinar på arbeidsplassen ved mistanke om seksuelle overgrep.
  - Snakkar de om temaet seksuelle overgrep av barn på din arbeidsplass?
  - Kva gjer de når det er mistanke om seksuelt misbruk av eit barn?
  - Kjenner du til meldeplikta til barnevernet? Kan denne komme i konflikt med teieplikta?
- 4 Har de samarbeid med barnevernstenesta?
  - Anonym drøfting
  - Melding

Tilleggsspørsmål til førskulelærer:

1. Seksuell leik i barnehagen?
  - Kva tenker du om det?

